



8 vaksne og 3 born har vore innom Cafe Ti-aren på den fyrste opningsdagen etter årsskiftet. Noko anna forklåring på det beskjedne oppmøtet enn dei bitre minusgradane fann ikkje dei vakthavande bak disken - Ester Mørstad og Berit Myklebust. Dei hadde problem med å få seld melkekakene sine.

Men desember-statistikken var brukbar: 1. desember var 24 vaksne og 4 born i kafeen, medan det kom 15 vaksne og 1 barn ei veke etterpå. 15. desember var besøket oppe i 26 vaksne og 7 born. Men 22. desember kom det berre 3.

Neste tysdag håpar dei pliktoppfyllande damene som går turnus at det er full fart att i kafeen. No er det åtte grupper som tek seg av kafedrifta og dei synest at det er ein triveleg 'teneste'. - Frå starten var vi seks grupper, men når vi no har jobb berre ein dag kvar åttande veke er det greitt, seier Ester og Berit.

- Men kva med temperaturen i Gamleskulen? - Den blir høg nok når vi set på varmen dagen før, opplyser damene.

Av Ola Matti Mathisen